


Grunnlag for gebyrfastsetjing:

Auka fastgebyr for fritidsbustad (Punkt 4 og 13):

1. Nyttar mindre vatn enn heilårsbustad: Snittforbruk fritidsbustad er ca. $45\text{m}^3/\text{år}$, medan snittforbruk for ein heilårsbustad er mellom 125 og $150\text{m}^3/\text{år}$
2. Krev dimensjonering av vass og avløpsleidingane på lik linje med heilårsbustad (nye hytter har ofte same fasilitetar som ein heilårsbustad som dusj, vask, toalett, vaskemaskin ...). I tillegg til varierende forbruk med sært høgt forbruk i ferieperiodar og høgsesong, medan tilnærma 0-forbruk elles.
3. Vassleiding må dimensjonierast med tanke på brannvasskrav.
4. Vedlikehaldskostnad på leidningsnett er på lik linje med nett til heilårsbustad.
5. Auka pumpekostnadar, då vatn og avløpsvatn ofte må pumpast sidan fritidsbustadar ligg generelt høgare i terrenget enn heilårsbustadar og har lenger leidningsstrek. Pumper må overdimensjonierast for å ta vatn og avløpsvatn i periodar med auka nytte av fritidsbustadar.
6. Høgdebasseng må overdimensjonierast for å kunne handtere tilstrekkeleg vassmengder til fritidsbustadar i periodar med auka nytte.
7. Nye høgdebasseng/pumpestasjonar må byggjast då fritidsbustad ofte ligg i høgare i terrenget og meir perifert enn eksisterande anlegg til heilårsbustad (døme: argument 10-11).
8. Auka driftskostnad for vassreinseanlegg og avløpsreineanlegg, då anlegg må dimensjonierast for maksimaltbehov (overdimensjonierast).
9. Krevjande tilkomst for vedlikehald og liknande på t.d. høgdebasseng og leidningsanlegg.
10. 5,2 gonger meir energi på å transportere vatn frå Prestegardsmoen til Tråstølen/hyttefelt Bavallen, enn å transportere til Rogne høgdebasseng. (Figur 1)
11. 2,24 gonger meir energi å transportere vatn til Tråstølen/hyttefelt Bavallen, enn til skjerpe høgdebasseng frå Prestegardsmoen vassverk. (Figur 1)



Figur 1 Totalforbruk pumping av vatn mellom høgdebasseng.

Forbruksgebyr etter stipulert forbruk (frå 1,04 til 1,2 omrekningsfaktor) (Punkt 10 og 19)

1. Omrekningsfaktor kunstig låg, ikkje rettvis i forhold abonnentar som vert avrekna etter målt forbruk.
2. Omrekningsfaktor på 40% før vedtak om vassmålar, 2005. (Omrekningsfaktor vart justert ned til 4% for å «matche» kostnad ved stipulert forbruk med forbruk til eigedomar vassmålar).
3. Generelt høgare vassforbruk med stipulert forbruk. Syner til t.d. sommarmånadar med auka forbruk til vatning og liknande.
4. Miljøtiltak, hindre sløsing, reduksjon av energiforbruket til pumping.
5. Tilråding Norsk Vann er på 1,2 m³ vassforbruk pr. m² bruksareal.

Tilknytingsgebyr (Punkt 20-37)

1. Gammal tilknytings-kostnad (5000kr eks mva) er kunstig lav.
2. Gjennomsnittskostnad pr 2017 i Noreg var 12396 (skjå Excel dokument «prisliste kommunale avgifter 2017»).
3. Gjennomsnittskostnad for tilknytning i 2019 for samanliknbare kommunar: Odda, Hemne, Åfjord, Vega, Meløy, Måsøy, Hjelmeland, Bjerkreim var på 27794kr (skjå Excel dokument).
4. Ny struktur med trinnvis kostnad gjer at ein betalar meir etter størrelse på bygget, då større bygg ofte treng større anlegg enn småbygg.

Vass- og avløpsgebyr

Utifrå dei årlege budsjettvedtaka finn me at VA-avgiftene har stått urørt i 2016, 2017, 2018 og 2019. I same periode har det vore prisvekst, så i realiteten har VA-avgiftene blitt redusert i perioden.

VA-avgiftene vart sist justert i samband med budsjett 2015, og då vart avløp justert opp med 5 % og vatn redusert med 10%, ref. Budsjettvedtak 2015 KST 107.

Gjennomsnittskosten for vatn og avløp for ein eigedom i Norge i 2018 på kr 3737 for vatn og kr 4143 for avløp (skjå samanlikning i diagram 1). Til samanlikning var gjennomsnittskostnaden for ein eigedom på Voss kr 2872 for vatn og kr 3899,25 for avløp (data henta frå 295 eigendomar på Voss). Til saman betalte gjennomsnittshusstanden 7880 kr i vass- og avløpsgebyr til kommunen i 2018, tilsvarande kr 9850 når meirverdiavgift til staten er inkludert. Det tilsvara 27 kr dagen samla for vass- og avløp. Med 2,17 personar i snitt per hushaldning, gir det ein dagleg kostnad per person på 12 kr. Ref. <https://www.ssb.no/statbank/table/12218/>




Diagram 1 Diagram over differansar i gebyr pr eiendom mellom Norge og Voss